

Byggrennjøring til Mjåtveit

Om kring eit år reknar Byggrennjøring i Knarvik med å ta i bruk eige bygg på Mjåtveit.



Av Hans E. Storheim

hans.egil@strilen.no

– Me trur Liegruppen på Sotra får til eit flott næringsområde på Frekhaug, seier dagleg leiar Jan-Ove Bergesen, som eig og driv reingjeringsfirmaet saman med kona Linda.

Byggrennjøring AS har nettopp skrive under kontrakt for kjøp av ei tomt på tre mål i Mjåtveit Næringspark, like nord for Essostasjonen.

– I dag har me 60 tilsette og treng meir plass både for administrasjon, lager og vaskeri, seier Bergesen.

Som andre tilsvarende selskap starta han og kona Linda i det små for 20 år sidan.

– Då var det med oss to som einaste tilsette. Etter kvart har me ekspandert med 10–15 prosent kvart år. Dette er ein bransje som har vakse fort. Me kunne ha vore større, men har satsa på



PÅ FLYTTEFOT: Tre frå administrasjonen i Byggrennjøring som ser fram til romslegare loka-le på Frekhaug. F.v. eigarane Jan-Ove og Linda Bergesen, saman med driftsleiar Margunn Kolås.

ein jamn og forsiktig auke. I fjar passererte me 20 millionar kroner i nettoomsetnad, opplyser Bergesen.

Administrasjon og lager har hatt Knarvikgården som tilhaldsstad sidan

1998, medan vaskeriet ligg i Reikeråsbygget. I løpet av dei siste åra har firmaet fått fleire og fleire tilsette av andre nasjonalitetar.

– Me er eit fargerikt fellesskap, og

det er kjekt å verta kjend med andre kulturar. Me har tilsette blant anna frå Polen, Thailand, Tyskland, Romania og Filipinane i tillegg til dei norske. Utan våre nye landsmann hadde me ikkje klart oss, seier Bergesen.

No flyttar Byggrennjøring alt inn i eige bygg, bortsett frå renseriet, som vert verande i Knarvik Senter.

Bergesen opplyser at nybygget får ei grunnflate på 700-800 kvadratmeter.

– Me er i samtaler med potensielle leigetakarar, så bygget kan få to plan. Målet er å flytta inn i april/mai neste år, seier Jan-Ove Bergesen.

I næringsparken er gravearbeidet i gang. Gravemaskinene har nett starta jobben med å laga vegkryss inn til området. Dei skal også byggja ein serie fangdammer som skal hindra avrenning frå næringsparken til Mjåtveit-elva. Dette vert gjort for at ikkje sand og partiklar frå grunnarbeidet skal hamna i elva og øydeleggja for den truga bestanden av elvemuslingar.

– Så snart dette arbeidet er ferdigstilt vil me gå i gang med å planera tomtane. Dette vert gjort fortløpende, seier Lene Haug i Liegruppen AS til Strilen.



Alle gode ting er tre

Nausthaugen på Frekhaug

I vårt populære prosjekt Nausthaugen har vi **innflyttningsklare** 3 roms leiligheter med en unik **sjøutsikt**. Nausthaugen ligger **sentralt** like ved Frekhaug Senter med gangavstand til skole, barnehage, butikker, buss og offentlige tjenester.



Kontakt oss for visning, prospekt eller ytterligere informasjon;

Jon Sandvik

Tlf: 920 69 776

jon.sandvik@waldegruppen.no

Arne Kristian Langeland

Tlf: 992 41 465

arne.langeland@waldegruppen.no

Besøksadresse; Burkholvdane 5, Knarvik. Tlf: 56 34 31 00 www.waldegruppen.no



WALDEGRUPPEN

Bygger fremtidens verdier